



## DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	17/589-2	07.02.2017

### **Invitasjon til å kome med innspel til rapport om kostnadsnøkkelen for båt og ferje**

Møreforsking Molde har på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet vurdert endringar i delkostnadsnøkkelen for båt og ferje i inntektssystemet for fylkeskommunane. Møreforsking leverte sin rapport til departementet 1. februar. Departementet ønskjer å få tilbakemelding frå sektoren om innhaldet og tilrådingane i rapporten, og inviterer med dette alle fylkeskommunar samt KS og Statens vegvesen til å kome med innspel. Rapporten frå Møreforsking er lagt ved dette brevet.

#### *Dagens fordelingsnøkkel for båt og ferje*

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal fylkeskommunane i prinsippet få full kompensasjon for kostnadsskilnader i tenesteytinga som dei ikkje kan påverke sjølve. Kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Kriteria for ferje og båtar er per i dag tal på ferjesamband og ein fylkesfaktor for båtar berekna ut frå netto driftsutgifter ekskl. avskrivningar dei siste tre åra.

Utgiftsutjamninga gjennom kostnadsnøkkelen er ei rein omfordeling mellom fylkeskommunane. Det som blir trekt inn frå fylkeskommunar med eit berekna utgiftsbehov under landsgjennomsnittet, blir delt ut att til fylkeskommunar med eit berekna utgiftsbehov over landsgjennomsnittet. Storleiken på beløpet som blir fordelt om gjennom kostnadsnøkkelen (det samla utgiftsbehovet), blir berekna med utgangspunkt i KOSTRA-tal for netto driftsutgifter til dei teneste som inngår i kostnadsnøkkelen. Sektorvektene – dvs. kor stor vekt dei ulike delkostnadsnøklane skal ha i den samla kostnadsnøkkelen – er basert på kvar sektor sin del av dei samla utgiftene dei siste tre åra.

Fylkeskommunane skal berre få kompensasjon for kostnadsskilnader dei ikkje kan påverke sjølve, og det er derfor sett visse krav til kva type kriterium som kan inngå i inntektssystemet. Kriteria skal vere objektive (dvs. dei skal ikkje vere moglege å påverke av fylkeskommunane), baserte på offisiell statistikk og moglege å oppdatere jamleg.

#### *Ny rapport om delkostnadsnøkkelen for båt og ferje*

Oppdraget til Møreforsking var å kome med innspel til korleis delkostnadsnøkkelen for båt og ferje kan forbeistrast. Målet var å finne ein delkostnadsnøkkel som er betre eigna til å fange opp variasjonar i utgiftsbehovet mellom fylkeskommunane, og som i større grad er basert på objektive kriterium.

Møreforsking presenterer i rapporten eit forslag til eit nytt kriterium for ferjer, men har ikkje kome fram til eit nytt kriterium for båtar. Vi er derfor først og fremst interesserte i kommentarar til analysane og tilrådingane for ferjekriteriet.

Møreforsking presenterer to ulike modellar for nytt ferjekriterium. Begge byggjer på ei normativ tilnærming og bereknar dei normerte kostnadene for ferjesambanda. Skilnaden mellom dei to modellane er kva nivå berekningane blir gjort på. I den eine modellen, som blir kalla den sambandsbaserte modellen i rapporten, er utrekningane gjort for kvart enkelt samband. I den andre modellen (den medianbaserte modellen) er utrekningane gjort på standardklassenivå. Ein viktig skilnad mellom dei to modellane er at det vil vere vanskeleg å oppdatere kriteriedata for den sambandsbaserte modellen. Det kan bety at ein ikkje kan rekne med jamleg oppdatering av kriteriedata viss denne modellen blir lagt til grunn.

Vi er interesserte i alle relevante innspel om rapporten, og ønskjer særleg vurderingar av:

- Den metodiske tilnærminga som er lagt til grunn
- Korleis analysane og utrekningane er gjennomført
- Om det er sentrale forhold som ikkje er fanga opp i analysane
- Om Møreforskings modellar kan danne grunnlag for eit nytt ferjekriterium i kostnadsnøkkelen
- Kva for ein av Møreforskings modellar som eventuelt vil vere best eigna som utgangspunkt for eit nytt ferjekriterium i kostnadsnøkkelen
- Møreforskings modellar samanlikna med dagens ferjekriterium

Vi minner om at ein delkostnadsnøkkel berre blir brukt til å fordele om midlar mellom fylkeskommunar. Eventuelle endringar i delkostnadsnøkkelen vil ikkje ha innverknad på nivået på den samla ramma som blir fordelt om etter båt- og ferjenøkkelen.

#### *Proessen vidare*

Departementet vil presentere prosjektet for Stortinget i kommuneproposisjonen for 2018, som blir lagt fram i mai. Eventuelle forslag til endringar i kostnadsnøkkelen på bakgrunn av Møreforskings rapport vil òg bli presenterte i kommuneproposisjonen.

Departementet har førebels ikkje teke stilling til innhaldet i rapporten eller til om vi vil foreslå endringar i delkostnadsnøkkelen for båt og ferje. Vi vil ta synspunkta til fylkeskommunane med i vurderinga før vi eventuelt kjem med forslag til endringar i nøkkelen, og ber derfor om innspel frå sektoren. Vi vil òg invitere alle fylkeskommunar til møte med politisk leiing i departementet for å diskutere innhaldet i rapporten. Vi viser til eigne invitasjonsbrev til møte i Bergen, Molde, Tromsø og Oslo.

Vi ber om at de sender eventuelle skriftlege kommentarar til departementet ved postmottaket ([postmottak@kmd.dep.no](mailto:postmottak@kmd.dep.no)), med kopi til Lars Tore Rydland ([lars-tore.rydland@kmd.dep.no](mailto:lars-tore.rydland@kmd.dep.no)), innan onsdag 8. mars. Merk innspelet med saksnummer 17/589.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Lars Tore Rydland  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*

**Adresseliste**

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Statens vegvesen Vegdirektoratet	Postboks 8142 Dep	0033	OSLO
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517 Lundsiden	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG